




**GOL
KOMMUNE**



SAMAN OM TRYGG OPPVEKST I GOL

Oppvekstplan for barn og unge 0-25 år

2024 - 2030

INNHALDSFORTEGNELSE

2. FORORD

4. INNLEIING

5. NASJONALE FØRINGAR

5. LOKALE FØRINGAR

6. UTFORDRINGSBILDET VÅRT

7. INNSATSOMRÅDE OG MÅL

8. INNSATSOMRÅDE OG MÅL - 1. TRYGG HEIME

10. INNSATSOMRÅDE OG MÅL - 2. GOD FYSISK OG PSYKISK HELSE

14. INNSATSOMRÅDE OG MÅL - 3. LEIK OG LÆRING

16. INNSATSOMRÅDE OG MÅL - 4. MEININGSFULL FRITID

18. KUNNSKAP OG KOMPETANSE FOR TILSETTE

FORORD

Barnevernsreforma frå 2022 medførte ei rekke lovendringar på oppvekst og velferds-feltet. Ein av endringane (Lov om barnevernstjenester § 15-1) medførte krav om ein heilskapleg oppvekstplan for kommunane. Planen skal innehalde overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet, vise korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane, vise korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike etatar skal samarbeide. Kommunestyret skal vedta planen. Planen skal ikkje erstatte fagplanar for dei ulike avdelingane, men vera ein sektorovergripande plan som viser korleis ansvaret skal fordelast og tenestene skal samordnast.

Gol kommune ynskte å forankre ein slik plan blant dei som skal utføre desse tenestene. Det vart derfor søkt om veiledning frå KS Konsulent til å gjennomføre eit utviklingsprosjekt. Prosjektet vart kalla Saman om trygg oppvekst i Gol, og det vart i 2023 gjennomført 5 samlingar med ca 40 tenesteyterar. Prosjektet identifiserte utfordringar, moglegheiter og målsetjingar for arbeidet på oppvekstsektoren. Behovet for samarbeid og samhandling på tvers av avdelingar og sektorar vart sterkt framheva.

Parallelt har det pågått eit arbeid med ein interkommunal plan, hovudsakeleg utført av barnevernstenesta. Denne planen synleggjer kva for oppgåver som kan og bør løysast gjennom regionalt samarbeid.

Arbeidet med den kommunale planen har i 2024 vore organisert gjennom ei styringsgruppe og fleire referansegrupper.

Styringsgruppa har vore kommunalsjefane for oppvekst og helse og omsorg, avdelingsleiar Gol barnehage, KE-koordinator, HTV Utdanningsforbundet og Fagforbundet og tidlegare kvalitetsrådgjevar for helse og omsorg.

Referansegruppene har vore:

1. Faggruppe med representantar for helsestasjon, psykisk helse, miljøterapienesta, barnehage, skule, kultur / integrering, PPT og barnevernstenesta.
2. Gol ungdomsråd.
3. Elevrådet Gol skule.
4. FAU Gol barnehage.

I arbeidet med planen har det vore naturleg å sjå til andre kommunar sine planar. Vi seier takk til Ullensvang, Fredrikstad, Færder og Bodø for inspirasjon og gode eksempel.

Planen har vore sendt ut på høyring til alle samarbeidande instansar og vart vedteke i Gol kommunestyre 11. juni 2024, sak 34/24.

Takk til elevar på Gol skule for fine illustrasjonar.

Hallvor Lilleslett

Kommunalsjef oppvekst og kultur

Conrad Ravnanger

Kommunalsjef helse og omsorg



INNLEIING

FNs konvensjon om barns rettar vart vedtatt i 1989 og ratifisert av Noreg i 1991. Konvensjon inneheld 54 artiklar, og nokon av dei viktigast er:

- Alle barn er født frie og er like mye verdte.
- Alle barn har rett til et navn og en nasjonalitet.
- Alle barn har rett til beskyttelse.
- Alle barn har rett til best mulig helsehjelp og nok mat og drikke.
- Alle barn har rett til å bli hørt og bli tatt hensyn til.
- Alle barn har rett til å gå på skole.
- Alle barn har rett til lek, fritid og hvile.
- Alle barn har de samme rettighetene.

Ansaret for barns oppvekstvilkår i Gol er i hovudsak fordelt på to sektorar: Oppvekst og kultur og Helse og omsorg. I tillegg har sektoren Samfunn og utvikling ansvar for det fysiske oppvekstmiljøet, t.d. leikeplassar, grøntområde og trafikktryggleik.

Endringane i velferdslovane med verknad frå 01.08.2022 stiller strenge krav om samarbeid og samordning på tvers av sektorane, både på system- og individnivå. Barn og deira føresette kan dessverre ofte oppleve at det ikkje er samanheng i tenestene, at dei fell mellom stolar og at det er manglande oppfølging og kontinuitet. Dette er beskrive i [NOU 2017:12 Svikt og svik: Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt.](#)

[BTI \(Betre tverrfagleg innsats\)](#) vart utvikla som ein samhandlingsmodell for å sikre at alle som arbeider med barn og unge veit korleis dei skal handle når dei kjenner på uro og bekymring for ein barn eller ein ungdom.

BTI beskriv det praktiske arbeidet som skal gjerast, involverer dei relevante tenestene og er eit hjelpemiddel for å ta strategiske avgjerder i ei sak.

Gol kommune starta arbeidet med å innføre og implementere metoden i 2019. Pandemien medførte at fokuset på dette arbeidet ikkje vart så stort som ein hadde ønska, og det er all grunn til å halde fram med opplæring i systemet slik at alle tilsette kjenner det og kan bruke det.

Teieplikt og personvern skal tas på største alvor av alle som jobbar med folk, men det bør likevel ikkje vera til hinder for å samarbeide med kollegaer i andre sektorar når det krevst. Barns beste skal alltid vega tyngst, og ved å innhente samtykke til samarbeid kan ein som regel koma over dei hindra som teieplikta medfører.

Barnets beste er eit rettsleg prinsipp forankra i Grunnloven: Ved handlinger og avgjørrelser som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn. Det betyr at i alle saker som gjeld barn, skal barnets beste vurderast og vektast opp mot andre moment i saka. Moment i ei slik sak kan vera: barnets eige syn og meiningar, identitet, karaktertrekk og eigenskapar hos barnet, familiemiljø og nære relasjonar, sårbarheten til barnet, barnet sin rett til vern og tryggleik, barnets fysiske og psykiske helse og barnets rett til utdanning og helsehjelp.

Det skal leggst vekt på synspunkta til barnet i samsvar med barnets alder og mogning, men å høyre barnets syn kan likevel vera noko anna enn å vurdere kva som er barnets beste.

Barn og unges rett til å medverke på systemnivå er forankra både i FNs barnekonvensjon og i nasjonalt lovverk. Det betyr at barn, unge og føresette skal bli involvert og lytta til både i planlegging og utvikling av førebyggjande tiltak på universelle arenaer og helsetilbod retta mot enkelte grupper.

Det er eit mål at denne planen skal synleggjera felles mål og innsatsområde, vise korleis måla skal realiserast, korleis samhandling skal gjennomførast og korleis barn og unge si stemme skal lyttast til.

NASJONALE FØRINGAR

Lover, forskrifter, nasjonale veilederar og offentlege utredningar gir tydelege føringar om kva for tenester kommunane må yte til barn, unge og familiar.

Dette er dei mest relevante:

- [Lov om endringer i velferdstjenestelovgivningen \(samarbeid, samordning og barnekoordinator\), 11.06.2021.](#)
- [Bufdir, H-dir, u-dir og NAV, sist endra 11.04.2023: Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier \(Nasjonal veileder\).](#)
- [Helsedirektoratet 24.04.2016, sist endra 21.06.2023: Lokale folkehelsetiltak- en veiviser for kommunen.](#)
- [Helsedirektoratet 08.02.207, sist endra 30.06.2023: Helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom \(Nasjonal faglig retningslinje\).](#)
- [Bufdir, 30.04.2021: Tidleg oppdaging av utsette barn og unge \(Nasjonal fagleg retningslinje\).](#)
- [Helsedirektoratet: 28.01.2019: Pårørendeveileder \(Nasjonal veileder\).](#)
- [Helsedirektoratet 24.10 2023: Psykisk helsearbeid barn og unge \(Nasjonal veieder\).](#)
- [Utdanningsdirektoratet , sist endra 01.08.2017: Rammeplan for barnehagen \(forskrift\).](#)
- [Utdanningsdirektoratet, sist endra 09.06.2021: Rammeplan for SFO \(forskrift\).](#)
- [Utdanningsdirektoratet, 01.09.2017: Overordnet del, verdier og prinsipper for grunnopplæringen.](#)
- [Utdanningsdirektoratet: Kunnskapsløftet 2020 \(Læreplanverk\).](#)
- [NOU 2023:24: Med barnet hele vegen.](#)

LOKALE FØRINGAR

Kommunens eigne plandokument må ligge til grunn for ein heilskapleg oppvekstplan.

Dette gjeld særleg overordna planverk som:

- [Kommuneplanens samfunnsdel.](#)
- [Kommunedelplan for helse og omsorg 2017- 2024 - Meistring i alle livets fasar.](#)
- [Plan for barnehagen: Starten på eit godt liv.](#)
- [Kvalitetsplan for grunnskulen: Lærelyst.](#)
- [Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.](#)
- [Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfold i Gol kommune 2023-2027](#)
- [Regional plan for habilitering og rehabilitering Hallingdal.](#)

UTFORDRINGSBILDET VÅRT

Det fins fleire undersøkingar som gir oss data over tilstanden blant barn, unge og familiar i Gol og kva for tenester som bli ytt av kommunen. Blant desse er [Folkehelseprofil](#) og [Oppvekstprofil](#), [Ungdata](#) og [Elevundersøkelsen](#). Folkehelseprofilen og Oppvekstprofilen (Vedlegg 1) hentar data frå fleire kjelder, bl a Ungdata, Elevundersøkelsen og nasjonale prøver for skulen.

Tala viser at kommunen må vera spesielt oppmerksame på barn og unge i familiar med låg inntekt, kanskje særleg invandrerfamiliar. Det er også grunn til å følgje nøye med på mobbetala i skulen. Skåren for ungdom på ungdomstrinnet som har prøvd alkohol er også bekymringsfull, og kommunen må sørge for at det finst sosiale møteplassar for ungdom der dei ikkje blir eksponert for å teste ut rusmiddel.

Dei seinare åra har stadig færre ungdommar deltatt i organiserte fritidsaktivitetar. Samtidig ser vi ein auke i skjermtid, uorganiserte fritidsaktivitetar og trening på eige hand. Dette er ein nasjonal trend. Skjermtid i form av dataspel og sosiale medier har for mange erstatta sosialt samvær og fysisk aktivitet.

Dette er ei utvikling som alle som jobbar med barn og unge må ha eit bevisst forhold til, og det bør vera ein levande debatt om kva som er fornuftig bruk av skjerm og kva som kan vera gode alternativ.

Kommunens leiing skal ha oversikt over faktorar som påvirkar oppvekstvilkår og den psykiske helsetilstanden til barn og unge.

Kommunens leiing skal også sørge for at planar inneheld mål og strategiar for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet for barn og unges psykiske helse.

Folkehelsekoordinator har eit særskilt ansvar for å følgje med på folkehelse og oppvekstvilkår.

INNSATSOMRÅDE OG MÅL

PLANEN ER INNDELTA I 4 INNSATSOMRÅDE MED TILHØYRANDE HOVUDMÅL OG DELMÅL:

1. Trygg heime
2. God fysisk og psykisk helse
3. Leik og læring
4. Meiningsfull fritid

INNSATSOMRÅDE OG MÅL

1. TRYGG HEIME

Trygg heime handlar om livet i familien. Alle barn og unge treng ein trygg base i livet, og dei føresette er dei som først og fremst skal sørge for å dekke dei grunnleggande behova til barnet. Ein familie kan vera to vaksne og ein eller fleire barn, men det kan også vera ein føresett som er hovudomsorgsgjevar og ein som barnet har samvær med. Her er det mange variantar. Det offentlege si oppgåve er å veilede etter behov og tilby praktisk hjelp til dei som treng det.

Dei som skal yte tenester til familien må ha kompetanse og vera opne for ulike familiekonstellasjonar, kulturar og sosioøkonomiske forhold. Samtidig må dei som yter tenester vera observante og ha evne til å identifisere risikofaktorar som kan medføre skeivutvikling eller vera til fare for barnet.

Hovudmål: Alle barn og unge har ein trygg base i familien sin.

Barn og unge meiner

Uttaler frå elevrådet ved Gol skule og Gol ungdomsråd

- Alle skal ha eit tak over hovudet og kjenne seg trygge.
- God orden i huset.
- Foreldre som bryr seg. Ikkje bli slått.
- Det må vera nok mat og pengar.
- Føresette må vise omsorg og støtte.
- Føresette skal oppmuntre og støtte opp om skule og kvardagsmestring.
- Det skal være opent for ulike meiningar og diskusjon. Ungdommar har rett på eige privatliv.
- Familiar skal ha tilstrekkeleg økonomi slik at ein kan delta og vera med på aktivitetar.



SLIK VIL VI HA DET

- Alle familiar skal få hjelp til å gi barnet ein god start.
- Barn som pårørende skal bli fanga opp og følgd opp.
- Ingen barn eller unge skal oppleve vald eller overgrep i nære relasjonar.
- Familiar som har behov skal få veiledning og praktisk hjelp.
- Familiar som er nye i landet skal få hjelp til å etablere seg med bustad og arbeid.
- Barnevernet skal koma inn i familien til rett tid.



SLIK VIL VI NÅ MÅLA

- Jordmortenesta, helsestasjonstenesta, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, fysioterapi for barn og unge og Psykisk helse for barn, unge og familiar er samorganisert og samlokalisert i **familietenesta**. Familieteraapeut og miljøarbeidar bør også høyre til tenesta.
- Det skal vera **ei** dør og **ein** telefon inn til tenesta, og føresette blir hjelpt vidare til rett fag/teneste.
- **Jordmortenesta** gir alle føresette god oppfølging i svangerskap og barselperiode.
- **Helsestasjonen gir tilbod om:**
 - NBO (newborn behavioral observation) for føresette med kjent risiko/kartlagt behov, første halvår av barnets liv (vekt på 0-3 mnd).
 - COS-P (Trygghetssirkelen) til alle føresette til barn under 2 år.
 - «Stine Sofies foreldrepakke» for alle for å førebygge situasjonar som er utrygge for barnet.
 - «Pappakaffi» når det nærmar seg tid for pappapermisjon.
- **Helsestasjonen** etablerer nettverksgrupper for føresette.
- Barn som pårørende får oppfølging gjennom **barneansvarleg** og **barnekontakt**.
- **Familietenesta:**
 - Gir tverrfagleg oppfølging ved behov som ekstra heimebesøk, veiledning og praktisk hjelp.
 - Samarbeid med NAV, barneverntenesta og familievernkontoret. Alle tilsette kjenner til opplysningsplikt til barnevernet.
- **Integreringstenesta:**
 - Veileder busette flyktningar dei første fem åra. Programmet ICDP blir brukt i samarbeid med helsestasjonen.
 - Gir lovpålagt karriereveiledning til busette flyktningar over 16 år
 - Samarbeider med NAV om bistand for arbeid.
- **Vaksenopplæringa** samarbeider med familietenesta og integreringstenesta om veiledning til føresette som er nye i landet.
- **Koordinerande eining** kan oppnemne barnekoordinator til familiar som har eller ventar barn som har behov for langvarige og samansette tenester.
- **Interkommunalt krisesenter og barnevernsvakt** har beredskap for familiar som opplever vold i nære relasjonar. Familietenesta har ansvar for oppfølging etter opphald på krisesenteret.



DETTE FØLGER VI MED PÅ

- Barnets utvikling og trivsel, særleg i dei to første leveåra.
- Tal på barn med behov for oppfølging av spesialisthelsetnesta og barneverntenesta.
- Tal på familiar med barn som har vore på Krisesenteret.
- Tal på barn som er tilmeldt PPT.

INNSATSOMRÅDE OG MÅL

2. GOD FYSISK OG PSYKISK HELSE

God fysisk og psykisk helse handlar om det offentlege sitt ansvar for å gi god helsehjelp til barn og unge.

Vi deler helsetenestene inn i:

- Universelle tiltak: Tiltak for alle.
- Selektive tiltak: Tiltak retta mot individ og grupper med kjent risiko for å utvikle vanskar.
- Indiserte tiltak: Tiltak retta mot individ med høg risiko og klare teikn på vanskar.

Hovudmål: Alle barn og unge skal få god og tilstrekkeleg helsehjelp til rett tid.

Barn og unge meiner

Uttaler frå elevrådet ved Gol skule og Gol ungdomsråd

- Helsesjukepleiar må vera til stades heile dagen.
- Det er viktig at helsesjukepleiar er tilgjengelig når ein har det vanskeleg heime.
- Det er viktig at dei vaksne spør. Det kan vera vanskeleg å ta initiativet sjølv.
- Helsesjukepleiar kan ta ein runde i alle klassane på starten av kvart år.
- Helsesjukepleiar må ikkje berre sita på kontoret, vi må bli kjent og få ein relasjon til hen.
- Ungdommen må kunne nok om ernæring til å eta sunt.




Mørkeraudt nivå - Langvarig oppfølging og samansette tenester på tvers av kommune og spesialisthelsetenesta ved alvorlege vanskar.

Raudt nivå - Spesialisert utgreiing og behandling i spesialisthelsetenesta ved langvarige moderate og kortvarige alvorlege vanskar. Samtidig tilbod og koordinering på tvers av kommune og spesialisthelseteneste.

Orange nivå - Oppfølging og behandlingstilbod i kommunale tenester ved kortvarige moderate vanskar eller langvarige milde vanskar.


Gult nivå - Lågterskeltilbod i kommunale tenester ved milde og kortvarige vanskar.

Grønt nivå - Helsefremmande og førebyggende tiltak på universelle arenaer, som barnehage, skule, helsestasjon og skulehelsetenesta.



↑ SLIK VIL VI HA DET

- Gol kommune skal ha gode universelle, førebyggande tenester for barn, unge og familiar.
- Alle barn og unge skal få fagleg og god oppfølging gjennom helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom.



+ SLIK VIL VI NÅ MÅLA


- **Jordmortenesta** følgjer med på barnets og mors helse gjennom svangerskap og den første barseltida.
- **Helsestasjonen** gjennomfører alle konsultasjonar 0-4 år i samsvar med nasjonal retningslinjer.
- Det er etablert tverrfagleg samarbeid med **fysioterapeut og logoped** på 4-månadersgruppe, tilbod til alle føresette.
- **Skulehelsetenesta** gjennomfører:
 - Skulestartundersøking i samarbeid med fysioterapitenesta og legetenesta.
 - Alle undersøkingar og vaksineringsar i samsvar med nasjonal retningsline.
- **Skulehelsetenesta** har god kapasitet og open dør både i grunnskule og vidaregåande skule.
- **Fysioterapeut** har fast treffetid i skulen.
- Det er tverrfaglege møte for saker på systemnivå i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule.
- **Helsestasjon for ungdom** har drop-in konsultasjon ein dag i veka.
- Oversikt over helsetenester for barn og unge ligg på kommunens nettside.

👁️ DETTE FØLGER VI MED PÅ

- [Gol kommunes oppvekstprofil.](#)
- [Elevundersøkelsen.](#)
- [Ungdata.](#)
- [Kostratall.](#)


↑ SLIK VIL VI HA DET

- Barn og unge i risiko skal bli sett og følgt opp gjennom tverrfagleg samhandling og målretta tiltak.



↑ SLIK VIL VI HA DET

- Barn og unge med særskilte behov skal få hjelp til mestring og inkludering.



+ SLIK VIL VI NÅ MÅLA

- **Jordmortenesta og helsestasjonen:**
 - Gir tilbud om NBO (newborn behavioral observation) for føresette med kjent risiko/kartlagt behov, første halvår av barnets liv (vekt på 0-3 mnd).
 - Har låg terskel for ekstrakonsultasjoner og ekstra heimebesøk under oppfølginga av barn 0-5 år.
- **Alle tilsette** brukar BTI- modellen med handlingsveileder og stafettlogg:
 - Barnet skal bli høyrte i vurdering av barnets beste.
 - Det blir innhenta samtykke til samarbeid ved bekymring for eit barn eller ungdom.
- **Familietenesta** har ansvar for tverrfaglege møte på individnivå for:
 - Barn 0-6.
 - Barn 6-15.
 - Ungdom 15-18.
- **Familietenesta** har gode og kvalitetssikra tiltak for barn og unge i risiko, og regelmessige møte i dialogbasert inntak med BUP.
- **Ungdomslos** veileder og hjelper ungdom med behov gjennom vidaregåande opplæring.
- **Koordinerande eining (KE)** oppnemner barnekoordinator eller koordinator i samråd med barn og føresette.
- Det blir oppretta ansvarsgruppe og individuell plan for barn og unge med behov for varige og samansette tenester.
- Foreldre med ekstra tyngande omsorgsoppgåver kan få tilbud om avlastning etter vedtak.
- Kommunen har beredskapsbustader for ungdom over 15 år.

👁️ DETTE FØLGER VI MED PÅ

- Gol kommunes oppvekstprofil.
- Elevundersøkelsen.
- Ungdata.
- Kostratall.
- Tilmeldingar til BUP.
- Meldingar til barneverntenesta

+ SLIK VIL VI NÅ MÅLA

- **Familietenesta** har regelmessige møter i inntaksteam med BUP.
- **Koordinerande eining (KE)** oppnemner barnekoordinator eller koordinator i samråd med barn og føresette.
- Det blir oppretta ansvarsgruppe og individuell plan for barn og unge med behov for varige og samansette tenester.
- Føresette med ekstra tyngande omsorgsoppgåver kan få tverrfagleg veiledning og tilbud om avlastning etter vedtak.
- **Familietenesta samarbeider med FACT ung** om integrert og langvarig behandling til ungdom med store psykiske vanskar.
- **IPS ung (NAV)** gir individuell karrierestøtte til å koma i gang med jobb eller skule til ungdom som har utfordringar med psykisk helse og/eller rus.

👁️ DETTE FØLGER VI MED PÅ

- Barn og unge i spesialisthelsetenesta
- Barn og unge med ansvarsgrupper og individuell plan
- Tal på ungdom i oppfølgingstenesta.
- Tal på ungdom som mottar AAP eller uføretrygd.

INNSATSOMRÅDE OG MÅL

3. LEIK OG LÆRING

Barnehage og skule er kommunens ansvar.

Det er barnehagelova og opplæringslova som gir føringar for organisering og innhald.

Barnehagelova stiller krav til bemanning og pedagogisk innhald og opplæringslova gir detaljerte mål for kva elevane skal lære i alle fag, mens dei pedagogiske metodane i stor grad er opp til den enkelte skulen.

Hovudmål: Barnehage og skule gir gode rammer om barns utvikling og læring.

Barn og unge meiner

Uttaler frå elevrådet ved Gol skule og Gol ungdomsråd

- Det må vera ein trygg skule, lærarane skal passe på at ingen fell utanfor.
- Det viktigste er at vi lærer å vera hyggelege med kvarandre.
- Det bør vera fleire gåturar/teltturer. Då får ein bevega seg og det blir betre samhald.
- Nokon gutar er veldig stille, sit for seg sjølv.
Når ein først fell utanfor, er det vanskeleg å koma seg inn att
- Vi treng å høyre kvifor vi treng å lære f. eks. matte.
- Dei teoretiske faga på vidaregåande er meir i tråd med det vi treng på bygg og anlegg.
Det skulle vore slik på ungdomsskulen også.
- Vi kunne fått velge fleir fag på ungdomsskolen.
- Det burde ikkje vera nødvendig med diagnose for å bli tatt hensyn til eller få tilrettelegging
- Lærarane burde bli flinkare til å lage alternative opplegg.
- Eg lærer best av å jobbe praktisk og gjera spennande oppgåver.
Når eg berre må høyre på læraren, mister eg interessa.
- Skulen er mest for dei som klarar å sita stille bak ein pult.
- Mange gutar vil gjera meir praktiske ting.
- Det er for lite leik i friminutta, barnetrinnet har mykje å gjera ute, mens ungdomsskulen har lite.
- Skulen bør ha meir aktivtet og bevegelse. Sit mykje stille framfor pc. Ikkje bra for helsa.
- Treng utstyr til friminutta, f.eks hoppetau, frisbee golf.
- Sosiallærer er ein viktig person.



SLIK VIL VI HA DET

- Barnehage og skule skal ha trygge og inkluderande oppvekstmiljø.
- Barnehage og skule legg grunnlaget for å skape robuste barn.
- Barnehage og skule legg til rette for leik ute og inne som stimulerer alle sider ved barnets utvikling.
- **Alle elevar får grunnleggande kunnskapar om:**
 - Folkehelse og livsmestring.
 - Demokrati og medborgarskap.
 - Berekraftig utvikling.
- Alle barn og unge skal få utvikle både dei teoretiske og praktiske evnene sine og få eit godt grunnlag for vidare utdanning og yrkesval.
- Barn og unge skal bli høyrte i plansaker som vedkjem dei.



SLIK VIL VI NÅ MÅLA

- Autorative tilsette skaper gode relasjonar samtidig som dei har tydelege forventningar til barna.
- Barnehage/skule og føresette møter kvarandre med gjensidig forståing og respekt for kvarandres oppgåver.
- Barnehagen legg til rette for ein mjuk start for dei minste barna.
- Barnehagens tilsette har kompetanse og kapasitet til å veilede føresette i foreldrerolla.
- Barnehage og skule bidrar til å etablere og vedlikehalde foreldrenettverk.
- Barnehagen brukar leiken som arena for barnas språklege og sosiale utvikling og læring.
- Barnehage og skule samarbeider om overgang og god skulestart jf Plan for overgang barnehage-skule.
- Det blir lagt til rette for utsett eller framskynda skulestart for barn som har behov for det.
- Skulen brukar varierte metodar, leik og fysisk aktivitet i opplæringa.
- Undring og bekymring for barn fører til handling og samhandling etter BTI-modellen.
- Personalet kjenner til kva som utløyser meldeplikt til barnevernstenesta.
- Ufrivillig skulefråvær blir møtt med planar og samhandling for rask tilbakeføring.
- Overgang til VGO blir støtta av alle samarbeidande instansar.
- Barn og unge med anna morsmål enn norsk får særskilt språkopplæring og hjelp til integrering.
- Aktive elevråd og ungdomsråd er fora for barn og unges medverknad på systemnivå.



DETTE FØLGER VI MED PÅ

- Barnesamtalar.
- Elevundersøkelsen.
- Ungdata.
- Tal på tilmeldingar til PPT.
- Tal på barnehagebarn og elevar med spesialpedagogiske tiltak.
- Nasjonale prøver.
- Skolebidragsindikatoren.
- Gjennomføring av VGO.

INNSATSOMRÅDE OG MÅL

4. MEININGSFULL FRITID

Organisering av og tilrettelegging for ei aktiv og meningsfull fritid er delvis eit offentleg ansvar, men heile samfunnet må bidra til at barn og unge får gode opplevingar, finn venner og sosiale nettverk og får brukt og utvikla ulike evner på fritida.

Kommunens ansvar er først og fremst å sørge for gode arenaer, mens innhaldet for det meste må driftast av lag, organisasjonar og private.

Hovudmål: Alle barn og unge skal få delta i meningsfulle aktivitetar på fritida.

Barn og unge meiner

Uttaler frå elevrådet ved Gol skule og Gol ungdomsråd

- Viktig å vera ute og sosialisere seg med andre, delta i fritidsaktivitetar eller lag.
- Interesser er viktige for kven du heng med.
- Ungdom treng personlege mål for å ha ei meningsfull fritid, f eks på trening på Goliat .
- Mange morosame fritidsaktivitetar, f eks bowling er for dyrt.
- Ungdom må kjenne til kva for aktivitetar dei kan vera med på.
- Vi treng ein stad som alltid er open, ikkje berre venterommet på skyss-stasjonen.
Ein stad å vera der vi kan snakke. Treng ikkje vera så avansert. Vaksne kan vera tilgjengelege.
- NMK er veldig bra for mange.
- Råning med ATV og UTV er viktig for mange. Vi sit på Burger King eller Shell.
- Ulike møteplassar er viktig, det bør vera samarbeid mellom kommunar om arrangement.
- Ønske om breiare utval av fritidsaktiviteter, kampsport, bilcross, meir organisert der fleire kan vera med.



↑ SLIK VIL VI HA DET

- Trygge arenaer for leik og aktivitet skal vera lett tilgjengeleg i nærmiljøet.
- SFO skal gi skulebarn varierte fritidsaktivitetar.
- Kulturskulen skal gi varierte tilbod, både gruppevis og individuelt.
- Frivillige lag og organisasjonar skaper meningsfulle og varierte fritidsaktivitetar.

+ SLIK VIL VI NÅ MÅLA

- Gol har ein frivilligsentral for barn og unge.
- **Koordinator for frivilligsentralen** har ansvar for at:
 - Nettstaden Fritid Hallingdal blir kontinuerleg oppdatert og gir god oversikt alle fritidstilbod.
 - Kommunen tilbyr Fritidskort til alle familiar.
 - Barn og unge frå andre kulturar finn fram til fritidsaktivitetar.
- **Integreringstenesta** bistår lag og organisasjonar i korleis dei sikrar deltaking og inkludering for busette flyktningar.
- **BUA** er lett tilgjengelig og er kjent for ungdom og føresette.
- Fritidskontakt er eit tilbod til barn og unge som treng støtte for delta på fritidsaktivitetar (vedtaksteneste).
- Det er samarbeid om tilrettelagte aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Kulturskulen har tilbod om gratis gruppeaktivitet.
- Ungdomsklubben har tilbod til barn og unge i alderen 13- 18 år.

👁️ DETTE FØLGER VI MED PÅ

- Deltaking for barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn og familiar med låg inntekt.
- Deltaking i organisert aktivitet.
- Deltaking på kulturskulen.

KUNNSKAP OG KOMPETANSE FOR TILSETTE

FOR ALLE

BTI (Betre tverrfagleg innsats) er ein samarbeidsmodell for tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid. Den er laga for tenester som møter barn, unge og føresette. BTI består av to hovudelement; ein handlingsveileder og stafettloggen.

Hensikten med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilheitlig og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga.



Den digitale versjonen ligg på [Tryggoppvekst Hallingdal sine heimesider \(tryggoppveksthallingdal.no/gol/voksen/\)](https://tryggoppveksthallingdal.no/gol/voksen/).

For å dokumentere møter, samtaler o.a. skal stafettloggen Visma Flyt Samspill brukast.

FOR BARNEHAGETILSETTE

- Saman i barnehagen.
- Plan for eit godtpsikososialt barnehagemiljø.
- Kompetanseløftet.

FOR TILSETTE I SKULEN

- [Kvalitetsplanen "Lærelyst"](#)
- [Handlingsplan for å sikre elevane eit godt psyko-sosialt miljø på Gol skule \(PDF\)](#)

FOR TILSETTE I INTEGRERINGSTENESTA

ICDP: [International Child Development Programme \(ICDP\)](#) er eit enkelt, helsefremmande og førebyggjande program som har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge.

Det retter seg mot omsorgsgjevarar og skal styrke deira omsorgskompetanse

FOR TILSETTE I HELSE OG OMSORG

[COS - Trygghetssirkelen.](#)

COS - Parenting er eit veiledningsprogram for foreldre eller andre omsorgspersonar. Programmet kan brukast både individuelt, med foreldrepar eller i grupper. Ein kan også bruke COS P inn i barnehage, skole eller andre institusjonar som veiledning til personalet.

- **NBO (Newborn Behaviour Observation):** Metode for å observere spedbarn 0-3 mnd i tett samarbeid med føresette.
- **ICDP (International Child Development Programme)** rettar seg mot omsorgsgjevarar og skal styrke deira kompetanse.
- **Marte Meo:** [veiledning som skal gi føresette hjelp til sjølvhjelp.](#)
- **TIBIR (tidlig innsats for barn i risiko):** Program for førebygging og behandling av åtferdsproblem hos barn 3-12 år.





VEDLEGG 1

OPPVEKSTPROFILEN 2024

VEDLEGG 2

ORGANISASJONSKART GOL KOMMUNE